



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter		20/193

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/20	Formannskapet	PS	16.04.2020
022/20	Kommunestyret	PS	30.04.2020

Planstrategi Fedje kommune 2020 - 2024

Vedlegg:

Planstrategi2020til2024

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Etter plan- og bygningslova § 10-1 er det eit krav at kommunane i kvar valperiode (kvart fjerde år) utformar ein planstrategi. Planstrategien skal vera utarbeida og vedtatt seinast eitt år etter at nytt kommunestyre er sett. I dette dokumentet skal det koma fram kva planar som skal prioriterast dei neste fire åra. Planstrategi for Fedje kommune 2020 til 2024 er derfor det dokumentet der kommunestyret kan leggja føringar for korleis administrasjonen skal nytta sin planleggjarkapasitet dei neste åra.

Vurdering

Planarbeid er ein viktig del av kommunen si verksemd. Mange planar er lovpålagte men også der har kommunen eit val for kor mykje arbeid ein ønskjer å leggja ned i den enkelte plan. Under prioriterte planar har rådmannen i sitt framlegg sett opp helse- og omsorgsplan, samt både interkommunal plan for sjøområda og kommunedelplan for sjøområda. Det første er eit område der det er viktig å levera gode tenester og det siste er noko som både kan leggja grunnlaget for fleire arbeidsplassar og aukte inntekter til kommunen.

Planarbeid kan vere viktig i seg sjølv men bør helst resultera i noko meir enn sjølve prosessen. Dei økonomiske vilkåra som Fedje kommune ser for seg dei neste åra, set grenser for kva som er mogeleg å realisere. Dette siste har vore styrande for kva planar som rådmannen meiner bør prioriterast dei neste åra.

Fire år er lang tid og forutsetningar kan endrast på kortare tid enn det. Planstrategi Fedje kommune 2020 til 2024 skal vere retningsgjevande og sikre eit heilskapleg planverk men administrasjonen vil sjølvstøtt ta imot nye politiske føringar på dette området også dei neste åra.

Fedje kommune har hatt liten planleggjarkapasitet ei siste par åra. Etter at teknisk sjef tidlegare i år søkte, og fekk innvilga, redusert stilling og løn til 80% har kapasiteten på dette området vorte ytterlegare redusert. I kommunebudsjettet 2020 ligg det no inne midlar til 100% stilling som samfunnsplanleggjar frå midten av året. Dersom tilsetjinga går som forventa vil planleggjarkapasiteten auke monaleg.



Fedje kommune

Folkehelse: Gode planar kan ha positiv verknad på folkehelsa.

Miljø: Kan vere relevant.

Økonomi: Planar kan både koste pengar og leggje grunnlaget for nye arbeidsplassar og inntekter til kommunen.

Konklusjon

Vedlagte planstrategi Fedje kommune 2020 – 2024 er eit godt grunnlag for planarbeidet dei neste fire år.

Forslag til vedtak:

Vedlagte planstrategi Fedje kommune 2020 – 2024 vert lagt til grunn for planarbeidet dei neste fire år.

Formannskapet - 033/20

F - behandling:

Tilleggsframlegg, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Grunna endringar i arbeidgjevarrolla og ny kommunelov vil me at personalplanen vert høgt prioritert i planstrategi Fedje kommune 2020-2024

F - vedtak:

Vedlagte planstrategi Fedje kommune 2020 – 2024 vert lagt til grunn for planarbeidet dei neste fire år.

Grunna endringar i arbeidgjevarrolla og ny kommunelov vil me at personalplanen vert høgt prioritert i planstrategi Fedje kommune 2020-2024.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 022/20

K - behandling:



Fedje kommune

K - vedtak:

Vedlagte planstrategi Fedje kommune 2020 – 2024 vert lagt til grunn for planarbeidet dei neste fire år.

Grunna endringar i arbeidsgjevarrolla og ny kommunelov vil me at personalplanen vert høgt prioritert i planstrategi Fedje kommune 2020-2024.

Samrøystes vedteke.